



Austrheim kontrollutval

Møteprotokoll

Møtedato: 9. desember 2019 kl. 09.00 – 12.30

Stad: Børilden, Kommunehuset

Tilstade: Gunnstein Sætre (leiar), Jan Erik Espelid (nestleiar),
Britt M. Skaalevik Lerøy (medlem), Morten Hodnekvam (medlem) og Inger
Aasen (medlem)

Forfall:

Vara tilstade: Hege Ramsland

Innkalla: Tidl. kontrollutvalsleiar Solveig Hopen, Ordførar Per Lerøy (til sak 47/19) og
rådmann Liv Løvvik (til sak 48/19)

Revisor: Janne Eraker, Revisjonssjef, Nordhordland Revisjon IKS (NHR)

Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)

38/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

39/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå sist møte 17.09.2019.

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå sist møte er godkjent.



Austrheim kommune

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte er godkjent.

40/19 Skriv og meldingar:

Saksvedlegg:

a. Vedtak om val av kontrollutval 2019 – 2023

Saksopplysingar:

Austrheim kommunestyre vedtok i møtet 31.10.2019 faste og varamedlemmer til kontrollutvalet, samt leiar og nestleiar.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaket til orientering.

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaket til orientering.

41/19 Orientering frå sekretariatet

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet er eit lovpålagt utval, jf. kommunelova kapittel 23 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Sekretariatet v/ Tonje Husum Aarland vil i møtet orientere om sentrale føringar og rammar for kontrollutvalet og sekretariatets mandat og oppgåver.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.

Behandling i møte:

Kontrollutvalssekretær Tonje Husum Aarland orienterte om rammar for kontroll og tilsyn, informasjonsflyt og praktiske rutiner kring kontrollutvalsmøta, årshjul for kontrollutvalsarbeidet, aktuelle kurs og nyttige lenker for meir informasjon.



Austrheim kommune

Presentasjonen vert lagt ved utsending av møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.

42/19 Orientering frå Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysingar:

Kommuneloven sitt kapittel 24 (av 22.06.2018 nr. 55) omhandlar revisjon. Revisor skal mellom anna rapportere om sitt arbeid og resultat av sin revisjon til kontrollutvalet, jf. kommunelova kapittel 24. I møtet vil revisjonssjef Janne Eraker gje ein orientering til kontrollutvalet om sentrale føringar og rammar for revisjonen sitt arbeid og funksjon.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.

Behandling i møte:

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker (revisjonssjef) orienterte om revisor sin funksjon og oppgåver, med særleg vekt på rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.

43/19 Engasjementsbrev

Saksvedlegg:

Engasjementsbrev – Austrheim kommune, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysingar:

Nordhordland Revisjon IKS har revidert Austrheim kommune siden 1995. Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. Revisjonssjef Janne Eraker orienterer kort om engasjementsbrevet i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til etterretning.

Behandling i møte:

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om engasjementsbrevet til Austrheim



Austrheim kommune

kommune.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til etterretning.

44/19 Uavhengighetserklæring

Saksvedlegg:

Uavhengighetserklæring, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysingar:

Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og elles ved behov, levere ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kommunen, som vert handsama av kontrollutvalet (jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19).

Nordhordland Revisjon IKS v/ revisjonssjef Janne Eraker orienterer kort om uavhengighetserklæringa i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning.

Behandling i møte:

Revisjonssjef Janner Eraker orienterte om uavhengighetserklæringa.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning.

45/19 Rapport frå interimsrevisjon

Saksvedlegg:

Rapport frå interimsrevisjon, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysingar:

Interimsrevisjon er den revisjonen som gjennomførast i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som forutsett.

Nordhordland Revisjon IKS v/ revisjonssjef Janne Eraker orienterer i møtet om interimsrevisjonen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapport om interimsrevisjon til etterretning.



Behandling i møte:

Revisjonssjef Janner Eraker la fram interimrevisjonsrapporten fram i møtet og gjennomgjekk sentrale moment frå haustens kontrollar, mellom anna på lønnsområde

Rapporten vert lagt ved møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for gjennomgangen og tek rapport om interimrevisjon til etterretning.

46/19 Oppsummering av perioden 2015 - 2019

Saksvedlegg:

Oppsummering av arbeidet i perioden 2015 - 2019

Saksopplysingar:

Det vart i førre periode utarbeida ein rapport om evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek oppsummeringa av perioden 2015 – 2019 til orientering.

Behandling i møte:

Leiar av kontrollutvalet i perioden 2015 – 2019, Solveig Hopen, orienterte om perioden og gjennomgjekk sentrale punkt i oppsummeringa.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek oppsummeringa av perioden 2015 – 2019 til orientering.

47/19 Orientering frå ordførar

Saksopplysingar:

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommuneloven § 6-1. Ordførar Per Lerøy vil i møtet gje ei kort orientering til kontrollutvalet om forventingar og kommunikasjon mellom kommunestyret og kontrollutval.



Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.

Behandling i møte:

Ordfører Per Lerøy orienterte om rammer og forventingar for kommunikasjon mellom kontrollutvalet og kommunestyret, og peika elles på kurstilbod til kontrollutvalsmedlemmer, tidlegare forvaltningsrevisjonar, årsrekneskapet 2019 og budsjett for 2020.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

48/19 Orientering frå rådmann

Saksopplysingar:

Rådmann Liv Løvvik vil i møtet gje ei kort orientering om budsjett, forventingar og rammer for kommunikasjon og forventingar mellom rådmann/administrasjonen og kontrollutval.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet handsama denne saken før sak 47/19.

Rådmann Liv Løvvik orienterte kort om budsjettframlegget til 2020, og peika særskild på nedsparing og kutt i budsjettet, mellom anna innan oppvekst og kultur.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

49/19 Møteplan for kontrollutvalet 2020

Saksopplysingar:

Sekretariatet legg fram forslag til møteplan for kontrollutvalet, med aktuelle møtedatoar og saker.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplanen med møtedatoane:



Behandling i møte:

Sekretariatet la fram forslag til møteplan med møtedatoar og gjennomjekk denne med kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok møteplanen med datoane 2. mars, 27. april og 1. juni.

50/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Sekretariatet vil orientere om rutinar kring gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.

Framlegg til vedtak:

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Ingen kommentarar til gjennomgangen.

51/19 Eventuelt

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Ingen kommentarar under eventuelt.



Austrheim kommune

Neste møte: Måndag 2. mars kl. 08.30

Austrheim, 09.12.2019

Gunnstein Sætre

Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland

Kontrollutvalssekretær